



*Teatret Vårt*

ÅRSMELDING 2006

Styret si årsmelding	2
Teatersjefen oppsummerer	3
Resultatrekneskap	6
Balanse	7
Notar	8
Statistikk	10
Revisjonsmelding	10
Ambisjonar 2004-2007	11
Repertoar	12
Styre og representasjon	15
Personale ved Teatret Vårt	15
Sponsorar	15

**Framsidedeilete:**

Randolf Walderhaug og Jakob E. G. Krazei  
i *Ship of Hope - America*  
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
Carl Morten Amundsen  
Carl Morten Amundsen, Knut Lidvard Høgset, og  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Fred Jonny Hammerø og Arild Moen  
400

**Utgevar:**  
**Ansvarleg utgevar:**  
**Redaksjon:**  
**Utforming:**  
**Foto:**  
**Opplag:**

## STYRET SI ÅRSMELDING

### Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

### Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2006 har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2006 har vore 1,1 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

### Likestilling

Teatret har eit styre med 2 kvinnelege representantar av totalt 7 styremedlemmer, der styreleiar er ei kvinne.

### Møter

Styret hadde i 2006 7 styremøter og handsama 28 saker.

### Økonomien i selskapet

For fyrste gong på sju år har teatret gått med raude tal. Årsrekneskapen er gjort opp med eit underskot på om lag kr 280 000,-. Den opptente egenkapitalen er på kr 1 222 474. Teatret

Vårt legg stor vekt på kostnadskontroll.

Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultatane i 2006 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2006 er satt opp under føresetnad om fortsatt drift.

*Elen Levin*  
styreleiar

*Just Ingebrigtsen* *Stevni Løkelvengholm* *AD* *FLD*

*Ottar Brage Guttelvik* *Tu K. N. Truymif* *Stein Lønn*

*Carl M. Amundsen*  
teatersjef



## TEATERSJEFENS OPPSUMMERING

### Høge publikumstal

Det totale talet på publikum er høgt i historisk samanheng. Teatret Vårt samla 37 923 i 2006. Framsyningstalet var på heile 353. Berre eitt år tidlegare har Teatret Vårt avvikla fleire framsyningar enn i 2006. Publikumsbesøket er det tredje beste i teatret si historie. Sidan 2001 har Teatret Vårt hatt eit publikumstal på meir enn tretti tusen. For fyrste gong på sju år legg teatret fram ein årsrekneskap som syner raude tal. Underskotet er likevel berre på 280 000. Etter eit svakt resultat etter første halvår, er teatret nøgd med at resultatet på det næraste er i balanse ved årsskiftet.

### Repertoaret i 2006 – fem urpremierar

Teatret Vårt hadde i 2006 heile fem urpremierar. Men året starta med *Erasmus Montanus*. Framsyninga blei dregen med over frå 2005 og vart spilt på vinteren. Framsyninga trekte eit stort og entusiastisk publikum på turné i fylket. For rolla som Per Degn blei Randolph Walderhaug nominert til Hedda for beste mannlege bi-rolle.

Så kom den første urpremieren med dramatiseringa av Bjørn Rønningen sine barnebøker om *Fru Pigalopp*. Framsyninga hadde urpremiere i Ålesund under teaterfestivalen i byen. Framsyninga blei innstudert i Ålesund og hadde også ei lengre speleperiode i byen. Instruktør Erik Ulfsby og scenograf Birgitte Lie hadde laga ein ramme som Astrid Overaa kunne boltre seg i som den ferme og frodige fru Pigalopp i Tusendørshuset. Framsyninga trekte eit stort publikum og gav gode billettinntekter. Pressen i Møre og Romsdal var også begeistra for framsyninga. *Fru Pigalopp* var etter speleperiodene i Ålesund og Molde på ein lengre turné i fylket.

Kristian Lykkeslet Strømskags debutstykke, *Havfruens sønn*, var neste urpremiere. Dramatikaren hadde dikta fritt rundt Henrik Ibsens sommarferie i Molde sommaren 1885. Dette var Teatret Vårt sitt bidrag til Ibsenåret. Teatersjefen hadde sjølv regi på framsyninga, og ho fekk glimrande kritikkar, både lokalt og nasjonalt. Framsyninga var visuell, takka vere scenograf Arne

Nøst sin stiliserte dekorasjon, og det var satsa mykje på lyd og musikk. Teaterspråket var kanskje noko krevjande: ein art draumspel med mange metafiksjonelle referansar.

Reprisen av *Trollspeilet* utandørs på Romsdalsmuseet regna nesten bort og trekte på langt nær så mykje folk som ein kunne ha håpt.

Neste premiere fann stad om bord på bilferja "Møringen" uka før jazzfestivalen. "Ship of Hope - America" var ein nydramatisering av Franz Kafkas roman "Amerika". Dette var ein MagicNet-produksjon og samla skodespelarar frå Noreg, Tyskland, Slovakia, Sveits og Polen. Instruktøren var tysk (Manuel Schöbel), kostymedesignar også (Frauke Bischinger) og scenografen (Thomas Bjørnager) kom frå Danmark. Framsyninga blei eit spektakulært innslag i sommar-Molde. Framsyninga blei godt besøkt og blei mykje snakka om. "Amerikabåten", Møringen, la frå land kvar kveld i speleperioden og drog så på si imaginære reise til den nye verda ute på Romsdalsfjorden. Etter framsyninga var det jazzkonsert om bord og servering av bacalao. Teatret oppsummerar satsinga som sær vellukka, sjølv om ho var forbunden med mykje arbeid og forhold det var vanskeleg å forutsjå.

I august hadde så *A happy place* urpremiere. Denne danseframsyninga til Ingrid Fiksdal var ein co-produksjon med teatret og var ein lekk i satsinga som Teatret Vårt har på dans. Dette var eit spennande debutverk av ein ung koreograf med røter i Molde. Vi registrerer at det ennå ikkje er noko stort publikum for dans i vårt distrikt.

*Lukten av grønt gress* av Bjørnar Teigen var vi sær nøgde med kunstnarleg, men her svikta publikum. Berre om lag 750 tilskodarar er skuffande svakt. Framsyninga vart ikkje sendt ut på turné. Denne framsyninga var den fjerde urpremieren dette året. Framsyninga blei satt i scene av dramatikaren sjølv, og eit stilisert og reinskåret scenebilette blei skapt av Milja Salovaara.

Parallelt med *Lukten av grønt gress* sette teatersjefen opp ein versjon av *Peer Gynt* mynta på *Den kulturelle skulesekken*,



### SHIP OF HOPE - AMERICA

Randolf Walderhaug.  
Foto: Arild Moen.



### SHIP OF HOPE - AMERICA

Charlotte Sieglin og Randolph Walderhaug.  
Foto: Arild Moen.



### FRU PIGALOPP

Astrid Overaa.

Foto: Fred Jonny Hammerø.



### FRU PIGALOPP

Astrid Overaa.

Foto: Fred Jonny Hammerø.

ungdomstrinnet. Dette var ein framsyning som skulle kompensere for at *Havfruens sønn* ikkje blei vist for dette trinnet. Denne framsyninga kommuniserte særst godt og vart spela 20 gonger.

Så kom reprisen av *Okse og Esel* med ny rolleliste. Denne framsyninga har så turnert den kulturelle skulesekken for 1-4. klasse, og den hadde nokre opne framsyningar i Molde. Regi: Randolph Walderhaug og scenografi: Martin Linde.

I tillegg til *Okse og Esel* hadde teatret også eit tilbod for barnehagebarn med den vesle framsyninga *Veien til Kleptomantra* med Valborg Frøysnes i alle roller. Stykket er skriva av Vivi Sunde som også har regien. Enkel og nydeleg barneteater som har ei klar målgruppe. Denne framsyninga var den femte urpremierer i 2006.

Også i 2006 var det eit tilbod for eldre. Gøril Haukebø reiste på besøk til institusjonar i fylket saman med møremusikar Asgeir Hoffart med programmet *Kongstrollet på Skåla og andre fortellinger*.

### Samarbeid

Teatret Vårt satsar framleis sterkt på samarbeid, kunstnarleg og organisatorisk.

Magic-Net er allereie nemnt, med framsyninga "Ship of Hope – America". I regi av dette europeiske nettverket blei det òg avhalde ungdomstreff i Zaandam i Nederland med kurs og framsyning. Ei gruppe ungdommar frå Molde representerte Teatret Vårt saman med formidlingsleiar. Til årssamlinga i Magic-Net i Tallin i Estland var teatret representert med ei gruppe skodespelarar, instruktør og musikar som medverka i fellesframsyninga *Hidden Stories* som gjekk føre seg i nasjonalbiblioteket i byen. Framsyninga vart sett saman av korte stykke (10 - 15 min.) frå dei ulike teatra. Estisk presse gav uttrykk for stor begeistring for prosjektet og det norske bidraget blei framheva som særleg sjølvvironisk og morosamt. I samband med samlinga i Tallin blei det utgjeve ein årbok for Magic-Net. Her blir det gjort nøye greie for aktiviteten i nettverket.

I 2006 har Teatret Vårt ført vidare samarbeidet med Det Norske Teatret med ei ny speleperiode for *Is-slottet* av Tarjei Vesaas. Vidare blei det lagt planar for omfattande samarbeid mellom Teatret Vårt og Riksteatret i 2007. Riksteatret har plukka ut regionteatret i Møre og Romsdal som sitt samarbeidsteater dette året. Prøvene på den første samarbeidsproduksjonen, *Tolvskillingsoperaen*, tok til i november 2006. Samstundes som leseprøven blei halden på Teatret Vårt hadde Riksteatret sitt arrangørmøte i Molde. På denne måten fekk samarbeidspartnarane betre sjanse til å bli kjende med kvarandre, og ein fekk ein unik mulighet til å presentere denne storsatsinga for Riksteatrets arrangørar. Samarbeidet stiller store krav til partnarane, og det er visse utfordringar forbunde med slike store prosjekt både med omsyn til kommunikasjon, planlegging og gjennomføring. Riksteatret og Teatret Vårt har så langt kome seg ganske greitt gjennom ulike problem og vanskar som oppstår når to så forskjellige teater vel å slå pjalta i hop.

### Arbeidet med nytt teater- og jazzhus

Eit særst viktig samarbeid er det som finst mellom dei profesjonelle kulturinstitusjonane i Molde. Bjørnsonfestivalen, Kunstnersenteret Møre og Romsdal og Molde International Jazzfestival er nære partnarar for regionteatret. Det er viktig å merke seg at samarbeidet mellom desse profesjonelle institusjonane har vakse fram organisk og utifrå ønsket om å samarbeide. Arbeidet gir seg utslag på ulike måtar. Teatret Vårt har til dømes teke over rekneskapstenesta til Stiftinga Bjørnsonfestivalen og yter også andre tenester administrativt, kunstnarleg og teknisk til denne festivalen. Vidare driv dei to institusjonane programserien *Sidescenen* i lag. Desse framsyningane finn stad i teatret sin kafé og er litterære program eller foredrag året gjennom.

*Ship of Hope – America* blei spilt i jazzveka i Molde og var ein del av programmet for Jazzfestivalen. Det viktigaste elementet i samarbeidet mellom institusjonane i byen er arbeidet med å reise eit felles bygg på Gørvellplassen i Molde sentrum. Prosjektet har møtt sterk og entusiastisk støtte frå leiinga i Molde kommune og i Møre og Romsdal fylke. Ein samarbeidssavtale er utarbeidd og vedteke i formannskapet i Molde og ei sak er sendt fylket for politisk handsaming. Ein arkitektkonkur-



ranse blei førebudd seinhausten 2006 og blei lyst ut i februar 2007.

Ein formell søknad om løyve til å ta opp lån i samband med realiseringa av desse planane blir sendt Kultur- og kyrkjedepartementet så snart naudsynte politiske vedtak er fatta av kommune og fylke. Her vil også storleik på lånet og vilkår bli gjort greie for.

### Formidlingsarbeidet

Teatret Vårt har som målsetting å vere eit kunstnarleg teater for barn og unge. Teatret har mellom anna lang erfaring når det gjeld å skape framsyningar for den kulturelle skulessekken. Her har ein eit unikt apparat til å spreie framsyningar til alle kommunane i fylket og gi dei yngste eit møte med teater med høg kunstnarleg kvalitet.

Det er viktig for teatret å gå nye vegar i repertoar og kunstnarlege uttrykk. Det betyr at skodespelarar, instruktørar og andre kunstnarar finn gode og utfordrande oppgåver også innanfor barneteatret. Men det føreset på si side at ein er i stand til å lære opp publikum til å bli fortruleg med ulike kunstnarlege uttrykk og med teatret som kunstart i det heile.

Formidlingsarbeidet som blir utført av formidlingsleiaren har nettopp dette som siktemål, og det blir derfor utarbeidd egne pedagogiske opplegg til alle framsyningar som er retta mot dei yngre aldersgruppene.

Vidare ser ein det som viktig at dei unge blir spora til eigenaktivitet og til å hauste egne erfaringar. Derfor vert også eigenaktivitet prioritert.

Formidlingseininga hentar inspirasjon frå dei andre teatra i Magic-Net. Og dette internasjonale arbeidet står sentralt i verksemda på Teatret Vårt.

### Barn og unge som aktørar

Det er eit ønskje at barn og ungdom sjølv kan delta i teateraktivitetar. Teatret Vårt har mellom anna gitt rom for dette gjennom DUS=Den unge scene, Magic-Net Youth Event, Trollspeilet, Ship of Hope, Teaterjulebordet og i opprettinga av Lærlingane.

Det er andre året at det nasjonale prosjektet DUS blir arrangert. Møre og Romsdal deltok i førre runde (2004-2005), og

deltar igjen (2006-2007). Denne gongen er det 3 unge teatergrupper med. Deltakarane i gruppene kjem frå Åndalsnes, Ålesund og Vanylven. Gruppene skal lage ferdige framsyningar som skal visast på ein DUS-festival på Teatret Vårt 16-17 mars 2007. Ei av gruppene får reise vidare til ein nasjonal DUS-festival i Oslo 10-12 mai 2007.

Trollspeilet var første gang satt opp ved Teatret Vårt sommaren og hausten 2005. Den gongen var det mange ulike grupper barn, avhengig av spelestad, som deltok i framsyningane som trollungar.

Magic-Net Youth Event var i 2006 lagt til Nederland. Der var det samla ungdom frå 8 ulike teatergrupper frå Magic Net nettverket i Europa. Teatret Vårt var representert med ei gruppe på 7 ungdommar frå Molde regionen. Alle er musikkelevar ved Molde vidaregåande skole. Dei norske ungdommane utmerka seg sers positivt, serleg med sin musikalitet og sin vilje og evne til å oversetje desse uttrykka i eit teatralisk språk. Med utgangspunkt i denne ungdomsgruppa vart "Lærlingane" etablert.

Tanken er å knytte til seg utvalde ungdommar som både kan fungere som statistar i ulike samanheng, som kan lage egne framsyningar og som kan representere Teatret Vårt ved ulike arrangement for og med ungdom. I første omgang er det etablert ei gruppe på 8-10 ungdommar. Gruppa er meint å vere eit fast tilbod som gjerne kan auke i storleik etterkvart.

*Ship of Hope* er omtalt ellers i meldinga. I denne samanhengen er det interessant å nemne at framsyninga hadde rom for unge statistar, dansarar og musikarar. Fleire av dei som seinare har blitt Lærlingar deltok her. Unge musikkstudentar frå høgskolar og konservatorium bidro også til å gjere framsyninga fargerik og mangfaldig.

*Teaterjulebordet* vart gjennomført på Hotell Alexandra.

Lærlingane sto for dei musikalske innslaga saman med songaren Kim Fairchild, trekkspelaren Knut Ivar Bøe og Rolf Magnus Orø på gitar og piano.



### HAVFRUENS SØNN

Hilde Marie Farstad Bergersen, Terje Halsvik, Gøril Haukebø og Pål Rønning.  
Foto: Arild Moen.



### HAVFRUENS SØNN

Terje Halsvik og Pål Rønning.  
Foto: Arild Moen.



### KLOSTERET

Samarbeidsproduksjon med Jo Strømgren  
Kompani.  
Foto: Knut Bry



### ANSIKTET PÅ MARS

Valborg Frøysnes og Svein Solenes.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.

## RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2006 Rekneskap	2006 Budsjett	2005 Rekneskap
<b>I Driftsinntekter</b>				
Billett- og programsal	2	2 840 188	3 138 200	2 039 776
Andre inntekter		1 440 011	1 002 100	904 675
Driftstilskott		19 073 000	19 073 000	17 978 100
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>23 353 199</b>	<b>23 213 300</b>	<b>20 922 551</b>
<b>II Driftskostnader</b>				
Kostnader arbeidskraft	3, 4, 5	14 466 747	14 954 600	13 934 097
Materialkostnader		631 649	694 800	482 651
Sal- og informasjonskostnader		1 170 191	1 040 000	923 323
Andre driftskostnader		4 517 524	4 455 583	2 796 041
Kostnader lokale		2 209 556	2 242 100	2 000 665
Utstyrskostnader		108 042	119 822	134 823
Avskrivningar	6	530 068	520 000	521 727
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>23 633 777</b>	<b>24 026 905</b>	<b>20 793 326</b>
<b>III Driftsresultat</b>		<b>-280 579</b>	<b>-813 605</b>	<b>129 225</b>
<b>IV Finansielle postar</b>				
Finansinntekter		30 652	33 029	33 156
Finanskostnader		30 457	22 030	23 220
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>195</b>	<b>10 999</b>	<b>9 936</b>
<b>V Resultat før EOP</b>		<b>-280 384</b>	<b>-802 606</b>	<b>139 161</b>
<b>VI Ekstraordinære postar</b>				
Ekstraordinære inntekter				
Ekstraordinære kostnader				
<b>Resultat av ekstraord. postar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>VII Årsresultat</b>		<b>-280 384</b>	<b>-802 606</b>	<b>139 161</b>
<b>Avsatt til/overført frå annan eigenkapital</b>		<b>-280 384</b>		<b>139 161</b>

**BALANSE pr. 31.12.**

	NOTE	2006	2005	2004
<b>Anleggsmidler</b>				
Varige driftsmidler	6	2 508 576	2 645 180	2 893 972
Finansielle anleggsmidler	9	189 054	144 852	110 324
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>2 697 630</b>	<b>2 790 032</b>	<b>3 004 296</b>
<b>Omløpsmidlar</b>				
Kundefordringar		206 732	443 480	851 851
Andre kortsiktige fordringar		46 913	82 399	496 401
Forskottsbetalte kostnader og opptente inntekter	10	1 364 760	0	0
Kasse, bank	8	195 341	1 047 732	351 041
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>1 813 746</b>	<b>1 573 611</b>	<b>1 699 293</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR</b>		<b>4 511 376</b>	<b>4 363 642</b>	<b>4 703 589</b>
<b>Eigenkapital</b>				
Innskutt eigenkapital				
Aksjekapital (275 á 2.000,-)		550 000	550 000	550 000
Opptjent eigenkapital				
Annan eigenkapital		1 222 474	1 502 856	1 363 695
<b>Sum eigenkapital</b>	7	<b>1 772 474</b>	<b>2 052 856</b>	<b>1 913 695</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>				
Lån		0	0	0
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>				
Kreditorar		648 127	295 011	649 260
Skuldig feriepengar m.m.		1 097 513	1 065 575	1 043 188
Skuldig offentlege avgifter		861 323	933 519	967 299
Anna kortsiktig gjeld		17 901	16 681	130 146
Forskottsbetalte inntekter og opptente kostnader	10	114 038	0	0
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>2 738 902</b>	<b>2 310 785</b>	<b>2 789 893</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>4 511 376</b>	<b>4 363 642</b>	<b>4 703 588</b>

**TROLLSPEILET**

Vivi Sunde, Gøril Haukebø og Håkon Moe.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.

**TROLLSPEILET**

Håkon Moe.  
Foto: Fred Jonny Hammerø.





### LUKTEN AV GRØNT GRESS

Svein Solenes.  
Foto: Arild Moen.



### LUKTEN AV GRØNT GRESS

Svein Solenes og Håkon Moe.  
Foto: Arild Moen.

## NOTAR

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak. Disse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilvergingskost for eigentilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombytelege finansielle egedelar, lågaste-verdiprinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

### Note 1: Turnéutgifter

Lønnsrelaterte kostnader	1 045 000
Husleige, arr.honorar m.m	427 000
Transport og bilhald	428 000
Hotel	496 000
<b>Sum turneoutgifter</b>	<b>2 396 000</b>

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytta til turnéverksemd. Ordinær lønn i turné perioden er tildømes ikkje medrekna her, men kostnader til turnétilllegg, diett m.m. som direkte kan knyttast til turnéverksemd.

### Note 2: Billettinntekter

Sidescenen	39 770
... og barnlige lyst...	15 525
SMXL	147 458
Ansiktet på Mars	162 871
Erasmus Montanus	455 312
Okse og Esel	559 352
Trollspeilet	74 075
The Happy Place	40 290
Havfruens sønn	108 485
The ship of Hope - America	142 710
Lukten av grønt gress	60 495
Fru Pigalopp	524 527
Læreren	16 590
Carte Blanche à la Naharin	24 945
Lille Eyolf	2 100
Klosteret	10 105
Fryktløs før avspark	145 109
Peer!	246 839

Veien til Kleptomantra	17 390
Andre arrangement	46 240
<b>SUM</b>	<b>2 840 188</b>

### Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.06 til 31.12.06 er det utbetalt honorar til styret med kr. 105 000,-.

Løn til teatersjef kr. 670 398,-, inkludert husleige kr. 106 998,-, og royalty på kr. 7 407,-.

Revisor har motteke kr. 38 750,- som godtgjersle for ordinær revisjon.

### Note 4: Lønnskostnader

	2006	2005
Lønningar	10 891 039	10 817 078
Arbeidsgivaravgift	1 581 125	1 542 792
Pensjonskostnader	1 091 816	970 595
Andre ytingar	902 767	603 632
<b>Sum</b>	<b>14 466 747</b>	<b>13 934 097</b>

### Note 5: Pensjonsforpliktingar

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse.

	01.01.2006	31.12.2006
<b>PENSJONSFORPLIKTINGAR</b>	<b>FAKTISK</b>	<b>ESTIMAT</b>
Brutto forpliktingar	9 519 767	10 774 420
Pensjonsmidlar	7 667 185	8 940 474
Netto forpliktingar før arb.avgift	1 852 582	1 833 946
Ikke resultatført estimatendring/- avvik		-908 280
Balanseført netto forpliktelse før arb.g.avg.		925 666



**Note 6: Varige driftsmidler**

	Bilar	Maskiner inventar	Bygg	Sum
Kostpris 01.01.	360 759	1 991 796	1 202 302	3 554 857
Tilgang i året	235 000	158 464	0	393 464
Salg i året	0	0	0	0
Kostpris 31.12.	595 759	2 150 260	1 202 302	3 948 321
Akk.avskr.	-247 864	-845 338	-346 543	-1 439 745
Bokf. verdi 31.12.	347 895	1 304 922	855 759	2 508 576
Årets avskr.	37 632	278 496	213 940	530 068
Avskr. tid	10	10	20	
Avskr. plan	Lineær	Lineær	Lineær	

**Note 7: Aksjekapital og aksjeinformasjon**

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
EK pr. 31.12.05	550 000	1 502 856	2 052 856
Årsresultat		-280 384	-280 384
EK pr. 31.12.06	550 000	1 222 472	1 772 472

Aksjonærer pr . 31.12.06 var:

	Antall	Eier- andel	På- lydende	Balanse- ført
Møre og Romsdal fylke	132	48 %	2 000	264 000
Molde kommune	132	48 %	2 000	264 000
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	11	4 %	2 000	22 000
<b>Sum</b>	<b>275</b>	<b>100 %</b>		<b>550 000</b>

**Note 8 Bankinnskott**

Det er avsatt kr. 452 661,- på egen bankkonto for skattetrekk-smidler.

**Note 9 Finansielle anleggsmidler**

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000
Eigenkapital i KLP	151 054
<b>Sum</b>	<b>189 054</b>

**Note 10: Periodiseringar****Forskottsbetalte kostnader og opptente inntekter**

*Okse og Esel* har blitt sett av 6372 elever i den kulturelle skulesekken. Dette er gjennomført hausten 2006 men ikkje fakturert. Opptente inntekter er kr 509 760. Teaterjulebord gjennomført i desember 2006. Opptente inntekter er her satt lik minimumshonorar kr 30 000.

Kostnadsrefusjon frå Magic-Net for møter og samproduksjonar er satt til 125 000. For *Tolvskillingsoperaen* har vi valt å ta alle inntekter og utgifter som ligger under avtalen med Riksteatret på 2007. Forskottsbetalte kostnader er her lik kr 700 000.

**Forskottsbetalte inntekter og opptente kostnader**

Forskottsbetalte inntekter for *Tolvskillingsoperaen* utgjør kr 64 038. Forlagsavgift for *Okse og Esel* er berekna til kr 40 000. TONO avgift for *Fru Pigalopp* er berekna til kr 10 000.

Elen Levin  
styrelsiar

Ottar Brage Guttelvik

Åd Hild

Tu Kin Truelsen

Stein Lønn

Just Mørchjensen

Stevdi Loketvengholm

Carl G. Lund

teatersjef



### KONGSTROLLET PÅ SKÅLA OG ANDRE FORTELLINGER

Gøril Haukebø.



### THE HAPPY PLACE

Janne-Camilla Lyster.

Foto: Rolf-Inge P. Hjelseth

**Fast og åremåls tilsett personale**

Teatersjef/administrasjon/ marknad/formidling	10
Skodespelarar	8
Teknisk personale	8
<b>Sum tilsette</b>	<b>26</b>
Utgjer 26 heile stillingar	

**Framsyingar og billettinntekter**

Publikum	37 923
Framsyingar	353
Billettinntekter	2 840 188
Gj.snitt inntekt pr.bill.	74,90

**Totale driftsinntekter- og utgifter**

Eigne inntekter	4 280 199
i prosent av totale driftsutgifter	18,1%

**Tilskott**

Staten (kap. 324, post 71)	13 309 000
Møre og Romsdal fylke	2 852 000
Molde kommune	2 852 000
Andre tilskott	60 000
<b>Samla tilskott</b>	<b>19 073 000</b>

**ØKONOMISK RESULTAT**

	2003	2004	2005	2006
<u>Inntekter:</u>				
Billettsal	2,8	5,4	2,0	2,8
Anna	0,8	1,3	0,9	1,4
Tilskott	17,3	17,6	18,0	19,1
<b>Sum</b>	<b>20,9</b>	<b>24,3</b>	<b>20,9</b>	<b>23,3</b>
<u>Kostnader</u>				
Drift	20,2	24,3	20,8	23,6
Finansk.	-0,1	0	0	0,0
Ekstraord.	0	0	0	0,0
<b>Resultat</b>	<b>0,8</b>	<b>0</b>	<b>0,1</b>	<b>-0,3</b>
<b>Eigenkapital pr 31.12</b>				
<b>Sum</b>	<b>1,9</b>	<b>1,9</b>	<b>2,1</b>	<b>1,8</b>

**STATISTIKK 2006**

Produksjon	For barn og ungdom			
	Publikum	Fram- syingar	Publikum	Fram- syingar
Erasmus Montanus	4 996	28		
Fru Pigalopp	5 263	50	5 263	50
Ansiktet på Mars	3 001	38	3 001	38
Havfruens sønn	1 246	25		
Trollspeilet	1 043	11	1 043	11
Lukten av grønt gress	724	16		
Peer!	3 425	27	3 425	27
Okse og esel	6 901	36	6 901	36
Veien til Kleptomantia	716	19	716	19
Kongstrollet	330	9		
Ship of hope - America	978	13		
The happy place	349	8		
Is-slottet	5 533	36		
Klosteret	117	4		
SMXL	613	4		
Læreren	142	3		
Little Eyolf	170	3		
A la Naharin	175	1		
Sidenscenen og andre arr.	2201	22	75	1
<b>SUM</b>	<b>37923</b>	<b>353</b>	<b>20424</b>	<b>182</b>

**REVISJONSMELDING**

## AMBISJONAR 2004 - 2007

*“Det som var den bårande bjålken i Teatret Vårt var en stark tro på att den bästa teatern kan göras var som helst”*

Henning Mankell, instruktør ved Teatret Vårt på 70-tallet

Teatret Vårt har adoptert orda til Henning Mankell som sitt slag-ord. Vi gjer dette sjølv om vi veit at det ikkje finst lettvinde vegar til kunstnarlege resultat. All kunst forutset at vi er nyfikne, fylt av undring og fantasi, og samstundes villig til å overskride. Ein må overraske og overraskast. Å vere sjølv-god skapar sjeldan langvarig suksess. I kunsten finst ingen oppskrifter. Så sjølv om planar og strategidokument er upålitelege instrument å navigere etter, kan ein nytte dei til å reflektere over nokre målsetjingar, diskutere nokre moglege vegval.

### Liten og smidig organisasjon

Små økonomiske ressursar kan bli kompensert med ein organisasjon som er smidig og oversikleg. Raskt og einskapleg kan ein fokusere på eit kunstnarleg prosjekt, ei enkel framsyning eller samle seg bak nokre felles kunstnarlege ambisjonar. Molde gjev kunstnarleg konsentrasjon mogleg. Det er lite som distraherer i ein liten by som Molde. Byen ligg i god avstand frå fjernsynstudio og kommersiell underhaldningsindustri. Difor er det mogleg å halde stor konsentrasjon kring den enkelte oppsetjing.

### Rekruttere unge skodespelarar

Teatret skal halde fram med å rekruttere heilt unge skodespelarar, gi dei store og meningsfylte oppgåver saman med dei faste medlemmer og tilreisande gjestar.

### Fleksibel og profesjonell stab

Teatret treng ein liten, men djupt profesjonell teknisk stab med stor fleksibilitet på tvers av dei tradisjonelle fagskilja. Det tekniske personale har særlege kvalifikasjonar med å avvike turné. Desse må ein dyrke og utvikle vidare. Det scenetekniske personalet må få fridom til å utvikle seg fagleg også på dei områda der teatret ikkje har spisskompetanse. Administrasjonen har lang erfaring og stor dugleik, både når det gjeld planarbeid, økonomi og kontakt med dei ulike arrangørane. Administrasjonen er ein sentral del av infrastrukturen til teatret.

### Kunstnarleg teater for barn og ungdom

Barne- og ungdomsteater har låg prestisje i norsk teater. Teatret Vårt har teke mål av seg til å vere eit kunstnarleg teater òg for barn og ungdom. Å satse på eit ungt publikum skal vi ikkje gjere av omsyn til framtidens publikum. Barn og unge er eit publikum i dag på lik linje med dei vaksne. Dei har òg krav på at deira liv og erfaringar blir gjenstand for den same merksemda, undersøkinga, undringa og granskninga. Teater handlar om dei

evige menneskelege spørsmåla om kven vi sjølv er. Barn og ungdom kavar som alle andre sjølv sagt med slike spørsmål. Teatret Vårt vil gjennom å satse på å søke annleis barnedramatikk, utvikle ny norsk barnedramatikk, gjere eit bidrag når det gjeld å fornye norsk barne- og ungdomsteater.

Teatret Vårt ønskjer å vere leiande på området teaterformidling, spesielt overfor denne publikumsgruppa. Teatret ønskjer å vidareutvikle si avdeling for teaterformidling i åra som kjem. Samarbeidet med blant anna Møre og Romsdal fylke om Den kulturelle skolesekken kan bli ein reiskap i fornyinga av norsk barne- og ungdomsteater.

Teatret Vårt vil assistere fleire kulturskolar med å opprette teaterfag. Vi vil i den samanhengen prioritere skodespelardugleik, ikkje ulikt slik musikkskolane har prioritert grunnopplæring på dei ulike musikkinstrumenta.

### Internasjonalt samarbeid

Samarbeidet i Magic-Net føres vidare i MagicNet II. Den internasjonale utvekslinga er inspirerende for heile fagmiljøet og gjer det mogleg å vurdere eige fagleg nivå i ein internasjonal målestokk. Opphald ved teater i utlandet kan vere ein viktig føremon for Teatret Vårt. Magic-Net var eit forum for arbeid med ungdomsteater. Det er naturleg at det er innanfor barne- og ungdomsteatret at den vesentlege delen av slikt internasjonalt samarbeid vil finne stad med sentrale teater i dette nettverket. Teatret Vårt held fram med å medvirke i EuNetArt - den europeiske organisasjonen for kunstformidling mot barn og unge.

### Nye utfordringar i turnépolitikken

Eit kjerneområde for verksemda til regionteatret er turnear. Teatret Vårt skal vere teater for heile Møre og Romsdal. Innanfor barne og ungdomsteatret når teatret betre ut enn nokon gong takka vere ein velfungerande kulturell skolesekk. Når det gjeld det ordinære tilbodet til det vaksne publikum er situasjonen vanskelegare.

Marknadssituasjonen har endra seg på dei over 30 åra teatret har vore på vegen. Fritids- og underholdningstilboda er større. Det er tungt å markere seg tilstrekkeleg på den einskilde spelestad. Det er krevjande å opprette sterke eigarskapsband til bygder, byar og tettstadar vi berre vitjar nokre dagar i løpet av eit år.

Teatret vil i åra som kjem måtte styrke arrangørnettverket. Saman med Møre og Romsdal fylke og kommunane må teatret finne fram til ein turnépolitikk tilpassa vår tid. Særleg må teatret styrke sin posisjon i dei to andre store byane, Ålesund og Kristiansund. Her finst det eit stort publikumspensiale. Teatret må saman med andre aktørar, byggje opp lokal representasjon som kan arbeide profesjonelt med formidling av teaterframsyningar (òg framsyningar frå andre, slik som Riksteatret).



### ERASMUS MONTANUS

Randolf Walderhaug og Pål Rønning.  
Foto: Arild Moen.



### ERASMUS MONTANUS

Svein Solenes, Vivi Sunde og Håkon Moe.  
Foto: Arild Moen.



**PEER!**

Ola G. Furuseth.  
Foto: Rolf-Inge P. Hjelseth.

**PEER!**

Anitra Terese Eriksen.  
Foto: Rolf-Inge P. Hjelseth.

**REPERTOAR 2006****Erasmus Montanus**

av Ludvig Holberg  
Bearbeidelse og sangtekster: Carl Morten Amundsen

Medverkande: Pål Rønning, Svein Solenes, Vivi Sunde,  
Valborg Frøysnes, Frank Robert Andreassen,  
Gøril Haukebø, Håkon Moe, Randolph  
Walderhaug, Terje Halsvik, Heine Bugge,  
Lena Kristin Ellingsen, Dolly.  
Regi: Manuel Schöbel

Scenografi/  
kostymer: Thomas Bjørnager  
Musikk: Per Chr. Revholt  
Lysdesign: Finn Landsperg  
Maske: Ruth Haraldsdottir Norvik

Premiere 4. november 2005.  
Forestillinger 28 27 (2005)  
Publikum 4992 3424 (2005)

**Fru Pigalopp**

av Bjørn Rønningen  
Bearbeidet av Astrid Overaa

Medverkande: Astrid Overaa  
Regi: Erik Ulfsby  
Scenografi: Birgitte Lie  
Lysdesign: Odd Halstensen

Premiere 7. mars 2006 under Ålesund Teaterfestival.  
Framsyingar 49  
Publikum 5261

**Ansiktet på Mars**

av Bjørnar Teigen

Medverkande: Svein Solenes og Valborg Frøysnes.  
Regi: Bjørnar Teigen  
Scenografi: Arne Nøst

Urpremiere på Teatret Vårt i Molde 10. februar 2005.  
Framsyingar: 37 24 (2005)  
Publikum: 2809 2243 (2005)

**Havfruens sønn**

av Kristian Lykkeslet Strømskag med tekster av Henrik Ibsen

Medverkande: Pål Rønning, Hilde Marie Farstad Bergersen,  
Gøril Haukebø, Terje Halsvik.  
Regi: Carl Morten Amundsen  
Scenografi: Arne Nøst  
Lyddesign: Arne Nøst og Jonas Høgseth  
Kostymedesign: Åshild Mjåseth og Gerd G. Austnes  
Lysdesign: Finn Landsperg  
Maske: Ruth Haraldsdottir Norvik

Urpremiere på Teatret Vårt i Molde 17. mars 2006.  
Framsyingar: 25  
Publikum: 1246

**Trollspeilet**

av Carl Morten Amundsen  
Musikk: Per Chr. Revholt  
Regi: Bjørnar Teigen

Medverkande: Håkon Moe, Thorir Sæmundsson, Terje  
Halsvik, Hilde Marie Farstad Bergersen,  
Valborg Frøysnes, Randolph Walderhaug, Gøril  
Haukebø, Svein Solenes, Vivi Sunde.

Musikarar; lærarar ved Molde kulturskole: Cesilie Gjerde, Geir  
Heggdal, Asgeir Hoffart, Halvor Holm, Knut

Dirigent: Morten Kårevik, Lena Søyland, Lindsay Winfield-Chislett og Lars Wold.  
Per Chr. Revholt

Nypremierre på Romsdalsmuseet, Molde 7. juni 2006.  
Framsyningar: 11 33 (2005)  
Publikum: 1043 12275 (2005)

### Lukten av grønt gress

av Bjørnar Teigen

Medverkande: Svein Solenes, Håkon Moe, Valborg Frøysnes, Vivi Sunde, Randolph Walderhaug.

Regi: Bjørnar Teigen  
Scenografi: Milja Salovaara  
Lysdesign: Finn Landsperg  
Dramaturg: Carl Morten Amundsen

Urpremierre på Teatret Vårt i Molde 29. september 2006.  
Framsyningar: 16  
Publikum: 769

### Peer!

- et tekstutdrag fra *Peer Gynt* av Henrik Ibsen

Medverkande: Ola G. Furuseth, Anitra Terese Eriksen, Terje Halsvik

Bearbeidelse og regi: av Carl Morten Amundsen

Urpremierre på Teatret Vårt i Molde 2006.  
Framsyningar: 27  
Publikum: 3425

### Okse og Esel

av Norbert Ebel  
Omsett av Carl Morten Amundsen

Medverkande: Ola G. Furuseth og Terje Halsvik

Regi: Randolph Walderhaug  
Scenograf: Martin Linde

Nypremierre på Teatret Vårt i Molde 12. desember 2006.  
Framsyningar: 35 18 (2005)  
Publikum: 6761 1677 (2005)

### Veien til Kleptomantra

av Vivi Sunde

Medverkande: Valborg Frøysnes  
Regi: Vivi Sunde

Urpremierre på Lillekollen barnehage i Molde 26. november 2006.  
Forestillinger 13  
Publikum 347

### Kongstrollet på Skåla og andre fortellinger

- et program i ord og toner

Medverkande: Asgeir Hoffart og Gøril Haukebø  
I samarbeid med Møremusikarane.

Urpremierre på Lundhagen omsorgsenter i Bud, 30. november 2006.  
Forestillinger 9  
Publikum 330



### OKSE OG ESEL

Ola G. Furuseth og Terje Halsvik.  
Foto: Rolf-Inge P. Hjelseth.



### FRYKTLØS FØR AVSPARK


Tarje Nordstrand Jacobsen og Valborg Frøysnes.  
Foto: Arild Moen



## VEIEN TIL KLEPTOMANTRA

Valborg Frøysnes.

Foto: Rolf-Inge P. Hjelseth



## IS-SLOTTET

Eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Det Norske Teatret

Ane Dahl Torp og Lena Kristin Ellingsen.

Foto: Fred Jonny Hammerø.

## SAMPRODUKSJONER

Magic-Net produksjon:

### Ship of Hope - America

Fritt etter Franz Kafka

Medverkande: Randolph Walderhaug, Charlotte Sieglin, Brigitte Peters, Jakob E. G. Kraze, Vivi Sunde, Ute Sengebusch, Marián Chalány, René -Philippe Meyer, Jakub Giel, Svein Solenes

Statister: Ida Marie Mørk, Marit Bugge Andersen, Jenny Myklebust, Sophia Mendoza

Musikere: Kjetil Gjelstenli, Espen Jørgensen Bjarnar, Espen Jarolim Krumpolc, Arild Hoem

Regi: Manuel Schöbel  
 Scenografi: Thomas Bjørnager  
 Dramatisert av: Henriette Hörnigk  
 Kostymedesign: Frauke Bischinger  
 Videoprojekson: Stéphane Maeder

Urpremiere ombord på MF Møringen på Romsdalsfjorden 13. juli 2006.

Framsyningar 13  
 Publikum 978

### The Happy Place

ei danseteaterforestilling av Ingrid Midgard Fiksdal

Medverkande: Janne-Camilla Lyster, Håkon Mathias Vassvik, Laura Navndrup Pedersen, Sophie Arstall

Musikk: Dave Black  
 lysdesign: Finn Landsperg  
 Tekster: Endre Ruset og Mette Karlsvik

Urpremiere 18. august 2006 i Molde.

Forestillinger 8  
 Publikum 349

## Is-slottet

av Tarjei Vesaas

Dramatisert av Petter S. Rosenlund

Musikk av Arne Nøst

Eit samarbeid mellom Teatret Vårt og Det Norske Teatret

Medverkande: Lena Kristin Ellingsen, Ane Dahl Torp, Siren Jørgensen, Nina Andreassen, Christoffer Staib og Håkon Moe.

Regi: Erik Ulfsby  
 Scenografi: Arne Nøst

Urpremiere 26. november 2004 i Molde

Framsyningar: 36  
 Publikum: 5533

## Klosteret

Samarbeidsproduksjon med Jo Strømgren Kompani

Medverkande: Guri Glans, Gunhild Opdal, Ulla Broch  
 Regi/koreograf: Jo Strømgren  
 Kostymedesign: Catrine Gudmestad  
 Lyddesign: Lars Årdal  
 Lysdesign: Stephen Rolfe

Co-produsenter: BIT Teatergarasjen, Nationalteatret, Bergen International Festival, Riksteateret og Teatret Vårt.

Forestillinger 3 i Møre og Romsdal

Publikum 117 i Møre og Romsdal

## GJESTESPEL

### I tykt og tynt

(Asbjørnsen og Joh.)

Framsyningar: 2  
 Publikum: 262

## SMXL

Framsyningar: 4  
 Publikum: 613

## Læreren

Framsyningar: 3  
 Publikum: 142

## Little Eyolf

Framsyningar: 3  
 Publikum: 170

## A la Naharin

Framsyningar: 1  
 Publikum: 175



## PERSONALE VED TEATRET VÅRT

### Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Randolf Walderhaug	fast tilsett
Vivi Sunde	fast tilsett
Gøril Haukebø	fast tilsett
Pål Rønning	åremål til 1.6.
Svein Solenes	åremål
Håkon Moe	åremål
Valborg Frøysnes	åremål
Terje Halsvik	åremål
Ola G.Furuseth	åremål frå 14.8.
Lena Kristin Ellingsen	frå 1.1 til 1.5.
Frank Robert Andreassen	frå 12.9.05 til 1.3.06.
Heine Bugge	musikar frå 12.9.05 til 1.3.06
Thorir Sæmundsson	juni samt frå 1.11.06 til 22.4.07
Hilde Marie Farstad Bergersen	1.1. til 1.7.

## STYRET VED TEATRET VÅRT

### Representantar frå Staten:

Elen Lein	styreleiar
Just Ingebrigtsen	styremedlem
Arild Hervik	styremedlem
Heidi Løklingholm	styremedlem
Liv Stette	1. varamedlem
Bjørn Michelsen	2. varamedlem

### Representantar frå Møre og Romsdal fylke:

Ottar Brage Guttelvik	nestleiar
Frøydis Austigard	varamedlem

### Representantar frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	styremedlem
Janne Huse	varamedlem

### Representantar frå dei tilsette:

Svein Larsen	styremedlem
Valborg Frøysnes	varamedlem/observatør

### Teknisk:

Svein Larsen	scenemeister/teknisk leiar
Bjørn Kalvatsvik	inspisient
Mathias Hammerø	verkstad
Knut Karlberg	verkstad
Finn Landsperg	lysmeister
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Åshild Mjåseth	leiar systove
Gerd Austnes	systove
Jonas Høgseth	inspisient frå 1.1 til 1.7.

### Administrasjon:

Carl Morten Amundsen	teatersjef
Knut Lidvard Høgset	adm.sjef
Halvard Fiksdal	produsent
Solveig Mordal Vågen	marknadsleiar
Tone Merethe Cumming	marknadsleiar frå 1.12.
Rolf-Inge P. Hjelseth	informasjonsleiar
Rolf Magnus Orø	formidlingsleiar
Mary Farstad	adm.konsulent
Evy Johannessen	adm.sekretær
Rune Digernes	billettsekretær (deltid)
Kristian L. Strømskag	dramaturg (deltid)

## REPRESENTASJON

### Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Carl Morten Amundsen	styremedlem
----------------------	-------------

### Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Knut Lidvard Høgset	styremedlem
---------------------	-------------

### Norsk Teater- og orkesterforening:

Elen Lein	styremedlem
-----------	-------------

### Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:

Carl Morten Amundsen	medlem
----------------------	--------

### Norsk Teaterlederforum:

Carl Morten Amundsen	styreleiar
----------------------	------------

### Generalsponsor:



**SPAREBANKEN MØRE**

### Hovudsponsorar:



**TIBE**  
REKLAMEBYRÅ

**Romsdals Budstifte**

# Teatret Vårt

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)